



Les meir på
sp.no

1. TA TILBAKE NASJONAL KONTROLL

Senterpartiet vil ta tilbake kontrollen over krafta vår, slik at folk og næringsliv igjen kan få låge og stabile straumprisar. Noreg har blitt kopla for tett på EU sin dysfunksjonelle straummarknad. Senterpartiet vil ta kontroll over utlandskablane, melde Noreg ut av ACER og endra modellen for nettleige.

2. HEILE NOREG

Folk skal ha tilgang til helsetenester, utdanning, fritidsaktivitetar og attraktive jobbar i bygd og by. Senterpartiet vil difor redusera transportkostnadane, sletta studie- og bustadgjeld og redusera inntektsskatten. Sjukehus skal ikkje leggjast ned, fleire statlege arbeidsplassar skal flyttast ut i landet, studiesenter skal opprettast og grendeskuler skal få ekstra tilskot. Slik skal vi utvikla det unike med Noreg: At det bur folk i heile landet.

3. TRYGGE NÆRMILJØ

Store system gjer menneska små. Senterpartiet jobbar for at du skal få gode tenester som eldreomsorg og skule der du bur. Vi skal ha trygge byar og oppvekstmiljø for ungane våre.

4. AVGIFTSKUTT

Dei som har minst, vert råka hardest av avgifter. Vi vil fjerna moms på vatn og avløp, fjerna flypassasjeravgifta og redusera drivstoffavgifter for folk og næringsliv.

5. NEI TIL NARKOTIKA

Narkotikabruk finansierar gjengkriminalitet. Politiet må få sterkare verkemiddel i kampen mot narkotika. Ungdomane våre skal ikkje møte kokain, ecstasy eller hasj på fest.



www.sp.no

Senterpartiet

10
GODE GRUNNAR
TIL Å RØYSTE

NÆR
FOLK I **HEILE
NOREG**



6. BETRA FAMILIEØKONOMI I HEILE NOREG

Folk må få høve til å få så mange ungar som dei ynskjer seg. Derfor går Senterpartiet inn for rimeleg barnehage og SFO, fleksible og styrka foreldrepermisjonsordningar, auka barnetrygd og eingongstilskot til studentar.

7. NORSK MAT OG KJØT

Norske bønder produserer verdas beste mat. Jobben dei gjer for norsk tryggleik og beredskap må verte ordentleg betalt. Vi vil styrka norsk matproduksjon, styrka beredskapslagringa, auka sjølvforsyningsgraden og styrka tollvernet.

8. NEI TIL EU

Vårt nei til norsk EU-medlemskap står seg. Det norske folkestyret er eit gode vi må ta vare på. Senterpartiet meiner at dei beste vedtaka for Noreg, vert tatt av det norske folk i Noreg.

9. FORSVARE NOREG

Senterpartiet har sett i gong ei storstilt opprusting av Forsvaret. Vi har fått på plass eit løft for den sivile beredskapen. Senterpartiet kjempar for at vi skal ha moderne marine, luftforsvar og hær som kan forsvare Noreg.

10. NORSKE ARBEIDSPlassAR

Noreg sin største føremon er dei rike naturressursane våre. Senterpartiet er garantisten for at vi har nasjonal kontroll på desse ressursane, og at verdiskapinga skal koma lokalsamfunna til gode. Selskapsskatten skal haldast i ro og formuesskatten skal reduserast for lokale bedriftseigarar. Noreg skal eiga Noreg.



sp.no/innmelding
Bli medlem!



Senterpartiet

23 69 01 00 | post@sp.no | www.sp.no